



**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 1 FEBRUAR 2019 KL. 09.30-14.45 PÅ SALT SHIP DESIGN, STORD**

Desse møtte:

Morten Storebø	Austevoll kommune
Bjarte Madsen	Austevoll kommune
Odd Harald Hovland	Bømlo kommune
Geir E. Aga	Bømlo kommune
Siri Klokkestuen	Etne kommune
Hilde Aartun Haraldseide	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Torstein Aarethun	Kvinnherad kommune
Gaute S. Epland	Stord kommune
Magnus Mjør	Stord kommune
Jorunn Skåden	Sveio kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

Frå administrasjonen:

Gro Jensen Gjerde
Reidun Rykkje

Forfall:

Peder Sjø Slettebø, Kvinnherad kommune.

Då var føre:

Sak 01/19	Godkjenning av referat frå møte 7 desember 2018
Sak 02/19	Kommunal museumsstrategi
Sak 03/19	Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa
Sak 04/19	Tilleggsuttale til kommunedelplan E39 Stord - Os
Sak 05/19	Sunnhordland Tingrett
Sak 06/19	Endring av vedtekter for Sunnhordland museum - høyring
Sak 07/19	Skriv og meldingar
	a) Møte med stortingspolitikarar frå Hordaland i Oslo
	b) Geopark Sunnhordland – tilsetjing av prosjektleiar
	c) Vg. opplæring i Sunnhordland
	d) Bjørnefjorden kommune som observatør i Samarbeidsrådet
	e) Berekraftig reisemål
	f) Reko-ring Sunnhordland
	g) Driftsorientering
Sak 08/19	Ymse
	a) Regionalt kompetanseteam

- b)100 års jubileum – Johannes Heggland
- c) Datalagringsprosjekt i Kvinnherad
- d) Reisemål Haugaland

Sunnhordland, 4. februar 2019

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 1 FEBRUAR 2019 KL. 09.30-14.45 PÅ SALT SHIP DESIGN, STORD**

Før handsaming av sakene fekk Samarbeidsrådet følgjande presentasjon og orienteringar:

- Salt Ship Design v/ Arne Stenersen
 - Orientering om SIM miljøfond v/ Ole Johannes Støle
 - Informasjon om Etablerarsenteret og Invest in Bergen v/ Mette Nora Sætre, Hfk, Vidar Totland, Invest in Bergen, Etablerarsenteret v/ og Arthur Arnesen, Hfk.
- Samarbeidsrådet vil ta saka opp som sak i møte 15 mars.

Sak 01/19 Godkjenning av referat frå møte 7 desember 2018

Samrøystes vedteke.

Sak 02/19 Kommunal museumsstrategi

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek innspela til Kommunal Museumsstrategi med seg i det vidare arbeidet for å få på plass eit godt samarbeid mellom kommunane og Sunnhordland Museum.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil arbeida for at kommunane vert samde om ei fast tilskot/grunnfinansiering og evaluera aktivitet og ressursar etter tre år.
3. Sunnhordland museum vert oppmoda om å gjennomføra møta med kommunane innan midten av april.
4. Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg opp til å vedta Kommunal Museumsstrategi i sitt møte 10.mai.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 03/19 Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet avsluttar vidare arbeid med ein interkommunal planprosess for Sunnhordland.
2. Samarbeidsrådet tek inn over seg at målet om ein interkommunal plan som spennes så vidt neppe er mogleg å etablera gjennom ein slik planprosess.
3. Samarbeidsrådet er tilfreds med at det gjennom prosjektet er utvikla viktig kunnskap og stiller kunnskapsgrunnlaget til rådvelde for dei deltakande kommunane. Fellesdelen og arbeidet med felles føresegner vil ikkje gje noko bindingar for kommunane, men vil truleg over tid medverka til ein meir sams forvaltning av strandsona i Sunnhordland og Fusa.

4. Dei metodiske tilnærmingane og analysane som er gjort i området gjev støtte for at dei aktuelle kommunane også i fortsetjing ligg i kategori 3 med omsyn til statlege retningsliner for differensiert strandsoneforvaltning.

På møte:

Det vart i møte sett fram forslag om å ta vekk punkt 2 i framlegg til vedtak.

SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Samarbeidsrådet avsluttar vidare arbeid med ein interkommunal planprosess for Sunnhordland.
2. Samarbeidsrådet er tilfreds med at det gjennom prosjektet er utvikla viktig kunnskap og stiller kunnskapsgrunnlaget til rådvelde for dei deltakande kommunane. Fellesdelen og arbeidet med felles føresegner vil ikkje gje noko bindingar for kommunane, men vil truleg over tid medverka til ein meir sams forvaltning av strandsona i Sunnhordland og Fusa.
3. Dei metodiske tilnærmingane og analysane som er gjort i området gjev støtte for at dei aktuelle kommunane også i fortsetjing ligg i kategori 3 med omsyn til statlege retningsliner for differensiert strandsoneforvaltning.

Sak 04/19

Tilleggsuttale til kommunedelplan E39 Stord – Os

Framlegg til tilleggsuttale:

1. Ferjefri kyststamveg E39 Stord – Os vil bety svært mykje for utviklinga av næringsliv og busetnad på Vestlandet, og er eit svært viktig nasjonalt prosjekt. Fastsambandet Hordfast må difor på plass snarast råd. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er glad for at arbeidet med kommunedelplan på prosjektet snart er klar, og at ein skal inn i neste fase med detaljregulering. Me ser det som avgjerande at ein kjem vidare i planleggingsfasen for at dette viktige prosjektet skal realiserast innan rimeleg tid. I tillegg er det viktig at kommunane i regionen endeleg skal få éin trasé å forholde seg til, i deira planlegging i kommunane.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ser at det er svært små skilnader mellom alternativ B og alternativ F i høve til pris og ikkje prissette konsekvensar. For Samarbeidsrådet er det likevel viktig å peika på at alternativ F, med sørleg kryssing av Langenuen, gjev dei beste lokale og regionale effektane. Samarbeidsrådet vil visa til rapporten «Trafikk og trafikantnytte med ferjefritt samband til Kvinnherad», som er utarbeida av Norconsult for Sunnhordlandsambandet AS, basert på Statens Vegvesen sine modellar for utrekning av trafikantnytte. I tillegg vil me visa til arbeidet som er starta av Kvinnherad, Stord og Tysnes for å utgreia eit fast samband mellom Kvinnherad og E39 i Tysnes (Sunnfast). For å få størst effekt av prosjektet E39, ynskjer Samarbeidsrådet for Sunnhordland at kommunal- og

moderniseringsdepartementet vedtar å gå vidare med alternativ F som trase på E39 Stord – Os.

3. Kommunedelplanen er gjennomført som statleg regulering. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner staten òg bør stå for detaljregulering av prosjektet, men ber om at det i så stor grad som mogleg vert teke omsyn til lokale partar som blir berørt av prosjektet.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland vedtek uttalen slik den føre.

På møte:

I møte informerte ordførar og rådmann i Fitjar kommune om at dei ikkje kunne støtte tilleggsuttalen, då kommunestyret i Fitjar har vedtak om å arbeida for midtre kryssing.

VEDTAK:

1. Ferjefri kyststamveg E39 Stord – Os vil bety svært mykje for utviklinga av næringsliv og busetnad på Vestlandet, og er eit svært viktig nasjonalt prosjekt. Fastsambandet Hordfast må difor på plass snarast råd. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er glad for at arbeidet med kommunedelplan på prosjektet snart er klar, og at ein skal inn i neste fase med detaljregulering. Me ser det som avgjerande at ein kjem vidare i planleggingsfasen for at dette viktige prosjektet skal realiserast innan rimeleg tid. I tillegg er det viktig at kommunane i regionen endeleg skal få éin trasé å forholde seg til, i deira planlegging i kommunane.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ser at det er svært små skilnader mellom alternativ B og alternativ F i høve til pris og ikkje prissette konsekvensar. For Samarbeidsrådet er det likevel viktig å peika på at alternativ F, med sørleg kryssing av Langenuen, gjev dei beste lokale og regionale effektane. Samarbeidsrådet vil visa til rapporten «Trafikk og trafikantnytte med ferjefritt samband til Kvinnherad», som er utarbeida av Norconsult for Sunnhordlandsambandet AS, basert på Statens Vegvesen sine modellar for utrekning av trafikantnytte. I tillegg vil me visa til arbeidet som er starta av Kvinnherad, Stord og Tysnes for å utgreia eit fast samband mellom Kvinnherad og E39 i Tysnes (Sunnfast). For å få størst effekt av prosjektet E39, ynskjer Samarbeidsrådet for Sunnhordland at kommunal- og moderniseringsdepartementet vedtar å gå vidare med alternativ F som trase på E39 Stord – Os.
3. Kommunedelplanen er gjennomført som statleg regulering. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner staten òg bør stå for detaljregulering av prosjektet, men ber om at det i så stor grad som mogleg vert teke omsyn til lokale partar som blir berørt av prosjektet.

Vedteke mot Fitjar sine røyster.

Sak 05/19 Sunnhordland Tingrett

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner ei samanslåing av Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett kan vera ei framtidsretta løysing.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil saman med Hardangerrådet arbeida for at ein ved ei eventuell samanslåing av tingrettane legg hovudadministrasjon på Stord og lokalkontoret på Lofthus.

VEDTAK:

1. Samrøystes.
2. Mot Kvinnherad si røyst.

Sak 06/19 Endring av vedtekter for Sunnhordland museum – høyring

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner uttalen slik den ligg føre

På møte:

Samarbeidsrådet drøfta saka og vil be om utsetting av høyringsfristen til 24 juni. Bakgrunn for dette er blant anna at vedtektene og bør vera i samsvar med kommunal museumsstrategi. Saka vil koma opp att i møte 21 juni.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Samarbeidsrådet ber Sunnhordland museum om utsetting av høyringsfristen til 24 juni.

Sak 07/19 Skriv og meldingar

a) Møte med stortingspolitikarar frå Hordaland i Oslo

På møte vart ein samde om følgjande saker ein ønskjer å drøfta med departementa 26-27 mars og kven som tek ansvar for å gjera avtalar med dei ulike departementa.

Departement	Saker	Ansv. for kontakt
Kommunaldepartementet	Interkommunal strandsonenplan	Morten Storebø

Justisdepartementet	Fengsel på Vestlandet Tingrett	Wenche Tislevoll
Klima og miljø	Marin verneplan	Morten Storebø
Samferdsle	Fiskerihamn på Bømlo Ferjeavløysingsmidlar – forskottering Flyplassen på Stord E39 Heiane-Ådland E134 Bakka-Solheim Nye vegar	Kåre Martin Kleppe
Kultur og undervisningsdepartementet	Museum Folkehøgskule på Stord Komponistheimen- Valenheimen Moster 2024	Gaute Epland

b) Geopark Sunnhordland – tilsetjing av prosjektleiar

Det er lyst ut stilling som prosjektleiar i 50% stilling.

c) Vg. opplæring i Sunnhordland

Møte med dei vg skulane vert 19 mars.

d) Bjørnefjorden kommune som observatør i Samarbeidsrådet

Det er sendt invitasjon til Os kommune/Bjørnefjorden kommune om å verta observatør i Samarbeidsrådet.

e) Berekraftig reisemål

Administrasjonen orienterte om status i arbeidet.

f) Reko-ring Sunnhordland

Første salgsdag vert 20 februar kl. 19 på parkeringsplassen v/Plantasjen Heiane.

g) Driftsorientering

Dagleg leiar gav ei kort driftsorientering.

08/19

Ymse:

a) Regionalt kompetanseteam

Gjennom Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland er det organisert regionale team. I Sunnhordland er det Samarbeidsrådet som har ansvar for teamet, som er sett saman med representantar frå næringsliv og næringsorganisasjonar. Teamet manglar representant frå kommunane, som må koma på plass snarast råd.

b) 100 års jubileum – Johannes Heggland

Ordfører Kåre Martin Kleppe orienterte om at kommunen vil markera Johannes Heggland sitt 100 års jubileum laurdag 29 juni. Ordførarar og rådmenn vil verta invitert.

c) Datalagringsprosjekt i Kvinnherad

Dagleg leiar orienterte om at Kvinnherad kommune arbeider for etablering av eit datalagringsanlegg i kommunen. Dei ønskjer at Samarbeidsrådet deltek i dette arbeidet. Dagleg leiar vil følgje prosjektet.

d) Reisemål Haugesund

Ordfører Jorunn Skåden, Sveio kommune orienterte om at Reisemål Haugesund ønsker eit tettare samarbeid med VisitSunnhordland.